

RADØY KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	26.08.2009	087/09	RTO

Avgjerslemynde: HPLT Sakshandsamar: Tore Rikstad	Arkiv: GBNR-79/14 Objekt:	Arkivsaknr 09/853
---	--	-----------------------------

GNR 79/14 - TJORE NEDRE - SØKNAD OM BRUKSENDRING FRÅ HYTTE TIL HUS

Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	29.06.2009	Jørgen Rykkje og Bente Møn	Gnr 79/14 Tjore Nedre - søknad om bruksendring

Vedlegg i saka:

-Søknad om dispensasjon

-Situasjonskart

Saksutgreiing:

Gjeld søknad om bruksendring for ei hytte til heilårsbustad.

Grunngjevinga for bruksendringa er at dei ønskjer å bu på eigedommen heile året.

Det er ikkje sendt nabovarsel i samband med bruksendringa, men det er opplyst at alle naboar er informert.

Eigedommen er frådelt hovudbruket på gnr. 79/5 og ligg like sør for byggefeltet i Austmarka i område innafor kommuneplanen definert som LNF-område. Frå hovudbruket er det også frådelt fleire tomter kor det er bygd både hytter og hus. I framlegg til kommuneplan for Radøy Sør er området sett av til framtidig bustadområde.

Eigedommen har tilkomst til offentleg veg via felles privat avkøyrsløse for området.

Eigedommen er tilknytt offentleg vassverk. Kloakkløysinga er privat og tilfredsstillar ikkje dagens krav til slike utslepp.

Vurdering:

Kommunen kan etter pbl. 88 gje dispensasjon ” når det finnes forsvarleg ut frå helsemessige og brann-og bygningstekniske hensyn ” og kan etter pbl. § 7 gje dispensasjon og setja krav opp mot dispensasjonen.

Hytta er oppført i 1971. Bygningen oppfyller ikkje dagens krav til byggjeforskrifter for bustadhus, men kommunen vurderer i dette høve at ein i ein periode på inntil 5 år kan gi eit mellombels bruksløyve.

Det vert stilt krav til nytt utslepp.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk godkjenner ei mellombels bruksendring frå hytte til hus i ein periode på inntil 5 år rekna frå innflytting. Det vert sett som vilkår at bygningen får ei kloakkløysing etter dagens krav og som etter søknad skal godkjennast av kommunen.

Grunngjevinga for vedtaket er gitt i vurderinga ovanfor.

Vedtaket er heimla o pbl. §§ 7, 87 og 88.

26.08.2009 HOVUDUTVAL FOR PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

PLT-087/09 VEDTAK:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk godkjenner ei mellombels bruksendring frå hytte til hus i ein periode på inntil 5 år rekna frå innflytting. Det vert sett som vilkår at bygningen får ei kloakkløysing etter dagens krav og som etter søknad skal godkjennast av kommunen.

Grunngjevinga for vedtaket er gitt i vurderinga ovanfor.

Vedtaket er heimla o pbl. §§ 7, 87 og 88.